

TEMAPLAN FOR BREIBAND OG EKOM-NETT I VOLDA KOMMUNE



Volda
kommune

Forord

Breiband er i dag ein føresetnad for vekst og velferd.

For innbyggjarar, næringsliv og besøkande i Volda kommune er breiband viktig for å oppnå god kommunikasjon med omverda, og for kommunen med mål om å halde fram som ein attraktiv stad å bu, arbeide, drive næring og besøke.

Temaplanen for breiband vert utarbeidd for å avklare og definere Volda kommune sin innsats på dette området, og planen er kommunens styringsverktøy for å prioritere og realisere utbygging. Prioriteringar og tiltak definerte i planen blir vurdert som tiltak i kommunens budsjettprosess kvart år.

Utvikling av breibandstilbodet i kommunen er politisk vedteke og forankra i:

- Intensjonsavtala for nye Volda kommune kapittel 2. samfunnsutvikling, *«Breibandstilbod og mobildekning må sikrast for folk og arbeidsliv i alle deler av kommunen»*.
- Kommunestyrevedtak i sak 51/18 den 26.04.2018 punkt 3. *«Utbygging av breiband er kostbart og må sjåast på som ei etappevis utbygging. Kommunestyret ber difor administrasjonen om å syte for at arbeidet med utbygging av tilfredsstillande breibanddekning i alle dei kvite områda med målsetjing om ferdigstilling innan 5 år.»*

Det meste av breibandutbygginga som vert utført av kommersielle aktørar er i lønnsame områder. Utfordringa er difor å sikre utbygging av breiband i områder som ikkje er kommersielt interessante å bygge ut.

Innhald

Forord.....	2
1. Innleiing.....	4
Vår bruk av internett endrar seg.....	5
1.1. Kommunalt ekom-nett og nasjonal støtteordning for breiband	6
1.1.1. Kommunalt ekom-nett.....	6
1.1.2. Nasjonal stønadsordning for breiband	6
1.2. Status i Volda kommune	7
1.2.1. Områder som er kandidatar for breibandssøknad 2020	8
1.3. Formål med breibandutbygging.....	8
2. Dagens ordning for offentlig støtte til breibandutbygging	9
2.2. Aktørar	9
2.3. Rollar	9
2.2.1 Nasjonal støtteordning	10
2.2.2 Regional støtteordning	12
2.3 Prosessen knytt til breibandutbygging	12
3. Drift og vedlikehald av kommunale nett	13
4. Mål for utbygging av breiband og ekom-nett i Volda kommune	14
4.2. Volda kommune skal bidra til gjennomføring av utbyggingsprosjekt i NKOM ordning	15
4.3. Volda kommune skal legge til rette for kostnadseffektiv utbygging	16
4.4. Volda kommune skal, der ein finn det kostnadseffektivt, bygge ut eigen fiber til kommunale einingar	17
4 Handlingsdel.....	18

1. Innleiing

Internett er eit nettverk for digital kommunikasjon. Menneske, datamaskiner og ting vi omgir oss med i kvardagen kommuniserer med kvarandre gjennom internett. Breiband er infrastrukturen som må vere på plass for å kunne nytte denne digitale kommunikasjonen.

I St.meld. nr. 49 (2002-2003), Breiband for kunnskap og vekst, er breiband definert som eit tovegs kommunikasjonsnett som kan overføre ulike former for data som tekst, lyd og video og som må kunne bere nye tenester og tillate at mange brukar nettet samtidig.

Når internett vart tatt i bruk av vanlege folk var det stort sett nytta til å hente informasjon eller kommunisere med andre via datamaskin. Vi står midt i ei utvikling der internett vert nytta til stadig fleire ting. Vår fysiske verd er kopla til den digitale verda, og stadig fleire av gjenstandane som vi nyttar dagleg har i dag fått innebygt elektronikk og programvare som gjer dei i stand til å kommunisere med andre gjenstandar.



Kjelde: 1 Illustrasjon av internett sin funksjon henta frå www.forskning.no - Illustrasjon: Microstock

Breiband er i dag ein føresetnad for at samfunnet skal fungere. Breiband med høg kapasitet er viktig for busetnad, næringslivet - særskilt konkurranseevna, offentleg sektor - særskilt ved fornying av helsevesen, eldreomsorg og skule- og utdanningssektoren.

Behovet for høgare kapasitet aukar stadig. Det er også endringar i bruksmønsteret. Der innbyggjarar og bedrifter før brukte internett hovudsakleg til å hente informasjon (laste ned), er det no svært mange som nyttar internett til å sende (laste opp) informasjon som krev høg kapasitet. Det vil seie at det er krav om høgare kapasitetar begge vegar. Både næringslivet, offentleg forvaltning og innbyggjarane har behov for vesentleg meir breibandkapasitet, det som vert kalla neste generasjon breiband. Med neste generasjon breiband kan tv-signal, strømming av video, internett og telefoni overførast samtidig med god kvalitet, av fleire samstundes. Dette set krav til teknologien, og fleire ulike teknologiar kan i prinsippet levere denne kapasiteten til bedrifter og hushald.

Samfunnsutviklinga går i retning av at stadig meir tenesteyting og kommunikasjon mellom innbyggjarar og det offentlege vert løyst digitalt. Kommunen har behov for å kunne ha ein digital kommunikasjon med innbyggjarane og brukarane av tenestene i kommunen. Døme på dette kan vere å bytte fysiske brev med samhandling gjennom sikker digital postkasse, å bytte fysiske møte med videokonferanse, å nytte eit digitalt læringsrom i skulen og å ha utvida kontakt med brukarar av helse og omsorgstenester gjennom internett.

Daglege gjeremål vert i dag i større grad løyst gjennom internett. Under er ein tabell som syner behovet for breibandkapasitet for å løyse daglege gjeremål.

Breiband – døme på bruksområde som krev ulik kapasitet

Tabell 4.1 gjev eit oversyn over ulike bruksområde og tenester som krev ulik kapasitet i breibandet. Merk at eit slik oversyn i nokon grad er tidsavhengig, all den tid tenester, bruksområde og teknologi er i kontinuerleg endring.

Tabell 4.1 Bruksområde og breibandskapasitet

Kapasitet	Bruksområde
500 kbit/s — 1 Mbit/s	Breibandstelefonti E-post Grunnleggjande nettsurfing Musikkstrøyming Video med låg kvalitet
1 Mbit/s — 5 Mbit/s	E-post med store vedlegg Fjernovervaking IP-TV med middels kvalitet Musikkstrøyming med høg kvalitet
5 Mbit/s — 10 Mbit/s	Fjernarbeid IP-TV med middels kvalitet (fleire kanalar samstundes) Video med høg kvalitet Nettspel Medisinske applikasjonar — fildeling og fjerndiagnostikk (grunnleggjande) Fjernundervising Smarthusløyisingar
10 Mbit/s — 50 Mbit/s	Telemedisin Undervisingstenester (video med høg kvalitet) IP-TV med høg kvalitet (2–3 kanalar samstundes) Avanserte nettspel Fjernarbeid med video av høg kvalitet Fjernovervaking med høg kvalitet Avanserte smarthusløyisingar

Kjelde: Commerce Commission New Zealand (2012). *High speed broadband service demand side study*. Project no. 13.07/12813

Med denne utviklinga, der alt vert kopla saman via internett, vil det i framtida bli behov for større kapasitet.

Breiband er infrastrukturen for digital kommunikasjon. Utbygging av breiband vil gje innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar i Volda kommune mogelegheit til å delta i den digitale utviklinga, både gjennom innovativ verdiskaping og gjennom nye løysingar for dialog mellom brukarane og tenesteleverandørane både i privat og offentleg sektor.

Konsekvensen av å ikkje bygge ut vil vere at ein fell stadig lenger bak, og blir mindre attraktiv då ein ikkje kan nytte nye løysingar for dialog, sidan infrastrukturen ikkje har kapasitet til å levere tenester som innbyggjarar og næringsliv har ønske om og behov for.

Vår bruk av internett endrar seg

Behovet for kapasitet vert stadig større grunna utvikling og forbetring av dagens digitale tenester (t.d. 4K video), og nye teknologiar/produkt som blir tatt i bruk. Den teknologiske utviklinga innan breibandsteknologiar går raskt, og kan i hovudsak delast i to kategoriar – breiband via kabel og trådløst breiband.

- Trådløst breiband krev god kapasitet i stamnettet fram til sendaren, og vil bli påverka av tal brukarar i området som nyttar tenesta (delt ressurs).
- Breiband via kabel var i starten levert via koparnettverket (ADSL, SDSL, VDSL). I nyare tid tenkjer ein ofte på fiber når ein snakkar om breiband via kabel. Fiber, i tillegg til å gje tilstrekkeleg kapasitet i stamnettet, blir i aukande grad brukt heilt fram til kunden. I motsetning til trådløst breiband er fiber ikkje ein delt ressurs og gjev kunden garantert hastighet.

1.1. Kommunalt ekom-nett og nasjonal støtteordning for breiband

1.1.1. Kommunalt ekom-nett

Kommunen har bygd ut eige ekom-nett¹ der det har vist seg å vere økonomisk fordelaktig framfor å leige ekom-nett av kommersielle aktørar. Vidare utvikling og framtidig endring av kommunens ekom-nett blir gjort gjennom ei vurdering av kommunens eige behov, kostnader, og mulige synergjar for å bidra til utbygging av breiband til innbyggjarar og næringsliv.

Når kommunen bygger ekom-nett så skjer det etter moderne prinsipp. Det betyr at kommunen i hovudsak nyttar fiberteknologi for å knyte saman ekom-nettet. Dette gjev kommunen høve til å styrke redundans for kommunen som heilskap og det einskilde bygget. Delar av nettet kan bli stilt til disposisjon for kommersielle aktørar slik at det kan bli mulig for innbyggjarane å få tilgang til breiband via ei kommersiellutbygging. På den måten kan kommunen legge til rette for bygging av breiband til områder som ikkje ville blitt bygd ut.

1.1.2. Nasjonal stønadsordning for breiband

Den nasjonale stønadsordninga for breiband er forvalta av Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) og gjev kommunen høve til å søke stønad for utbygging av høg hastigheit breibandsnett til private bustadar og verksemdar i kommunen som har internett-tilkopling med hastigheit under 30mbit/s.



Kravet til kapasitet aukar i tråd med samfunnet sine forventningar, og mogelegheitene er mange og bør vurderast i det konkrete prosjektet. Støtteordninga er teknologinøytral, og kommunen kan ikkje krevje utbygging av ein bestemt breibandsteknologi, men det kan stillast krav til hastigheit på breibandet ved utlysning av konkurranse for utbygging. Fylkeskommunen Møre og Romsdal har for utlysning i 2020 satt krav til tilbydarar om å levere hastigheit på minimum 100mbit/s for å få høgste poengsum ved vurdering av tilbod.

¹ Vedlegg: Liste over kommunalt ekom-infrastruktur

1.2. Status i Volda kommune

I Volda kommune har dei fleste innbyggerane breiband av grunnleggande god kvalitet (nedlastingskapasitet 30Mbit/s). Dei ulike områda si dekning er skissert under. Kartgrunnlaget er utarbeida av Møre og Romsdal Fylkeskommune, basert på Nasjonal kommunikasjonsmyndighet(Nkom) sine dekningskart frå 2019. Datagrunnlaget til Nkom kan innehalde feil, og på nokre stadar er det difor naudsynt med manuelle målingar i forkant av søknadar. Eit eksempel på dette er Høydalen i kartet under, her vil kommunen få utført målingar saman med bygda då det er mistanke om feil i dekningskartet.

Fargekodar



Figur 1: Illustrasjon over breibandskapasitet i Volda kommune. Kartet utarbeida av Møre og Romsdal Fylkeskommune.

I tillegg er det enkelte husstandar over heile kommunen som har høgare og lågare kapasitet, enn det som kjem fram av kartet.

Volda kommune har i noko grad bygd ut eigne framføringsvegar til sine bygningar og anlegg, t.d. fiber. Dei bygningane og anlegga som ikkje er dekkja av kommunen sitt eige nett har breiband av varierende kvalitet (hastighet og tilgjengelegheit). Ved ledig kapasitet i ein kommunal fiberkabel eller trekkerør skal det vere høve for kommersielle aktørar å leige kapasitet hjå kommunen til utbygging.

I Volda kommune er det Telenor og Tussa som er aktive utbyggarar. Breibandsleverandørane sine framføringsvegar er unnateke offentleggjering. Det er difor ikkje høve til å gje ei detaljert oversikt over framføringsvegar og t.d. etablert fibernett i kommunen.

Private initiativtakarar til mindre utbyggingar av t.d. aksessnett frå hovudnettet til den enkelte bygning, må kontakte netteigar for nærare informasjon om mogelegheitene for utbygging.

1.2.1. Områder som er kandidatar for breibandssøknad 2020

Delområde	Tal potensielle kundar	Estimerer behov for tilskot (kommunale, og fylkeskommunale)
Berkneset	93	878 142kr
Dalsfjorden og Åmelfotdalen	144	3 981 200kr
E39 til Bjørke og Viddal	96	990 999kr
Håvika til grense Straumshamn	50	782 579kr
Lauvstad og Velsvika	90	1 103 325
Mork og Eikrem	56	448 262
Osdalen	4	567 075
Sum	533	8 751 582kr


Tal potensielle kundar og estimert behov har blitt kartlagt i dialog med marknaden og har tatt utgangspunkt i kostnad for utbygging av fiber. Det er likevel viktig å merke at den nasjonale breibandsordninga er teknologinøytral og vi kan ikkje setje krav om utbygging av fiber til heimen.

1.3. Formål med breibandutbygging

Regjeringa meiner at infrastruktur for elektronisk kommunikasjon er ein grunnpilar i eit moderne samfunn og at IKT og breiband er ein nøkkel til velferd og vekst². Dei ynskjer difor å sikre gode tilbod over heile landet ved å fortsette arbeidet for å legge til rette for breiband med tilstrekkeleg kapasitet til å møte framtidige behov innanfor skule, helse, næringsliv og hushald. Volda kommune sluttar seg til desse føresetnadane for breibandutbygginga.

I Volda kommune skal innbyggarar, næringsdrivande og besøkande oppleve at kommunikasjonen med omverda er god. Eit godt digitalt nett er ein føresetnad for at dette skal kunne skje. For å ruste samfunnet for framtida er det viktig med breibandutbygging i heile Volda kommune. Områder i kommunen med låg(under 10Mbit/s) og middels breibandkapasitet (under 30 Mbit/s), og områder der Telenor legger ned koparnettet vil bli prioritert, jf. nasjonale evalueringskriterium for stønadsordninga, sjå kapittel 2.2.1.

² <https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/id928/>



Figur 2: Støtnadsordninga er retta inn mot utbygging av breiband i område som manglar tilbod om breiband med 30 Mbit/s eller høgare. Det vert berre gjeve stønad til investeringar, ikkje til drift av nettet som vert bygt ut. (<https://www.nkom.no/sp%C3%B8rsm%C3%A5>)

2. Dagens ordning for offentlig støtte til breibandutbygging

I melding til Stortinget (Meld. St.) 23 (2012-2013) Digital agenda for Norge, står det at regjeringa sin ambisjon er at alle husstandar skal ha tilgang til eit breibandstilbod av grunnleggande god kvalitet. Dette er grunnlaget for at det vert løyvd midlar til breibandutbygging via stortingsbudsjettet.

2.2. Aktørar

Det er fleire aktørar involvert i prosjekt knyt til breibandutbygging. Under er det gjort greie for ulike aktørar og deira rolle i breibandutbygginga. Det meste av breibandutbygginga i Norge vert gjort av breibandleverandørane utan støtte frå det offentlege. Det har dei siste år blitt bygd breiband til omlag 90 000 husstandar kvart år.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom). Tilskotsordninga frå staten har vært forvalta av Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) i samspel med fylkeskommunane, men dei nye regionane vil overta ansvaret frå 2020. Statlege midlar til breibandutbygging kan variere frå år til år, då desse vert løyvd over statsbudsjettet

Fylkeskommunen, det er fylkeskommunen som handsamar søknader frå kommunane og kontrollerer at prosjektforslaga tilfredsstiller krava. Fylkeskommunen prioriterer forslaga i sitt fylke og sender inn innstilling til Nkom. Nkom kontrollerer at prosjektporteføljen tilfredsstiller dei overordna krava på fylkesnivå før midlar blir utbetalt.

Frå 2019 er det fylkeskommunen som har ansvar for utlysing av konkurranse etter tildeling av midlar. Kommunen pliktar å bidra i ei brukargruppe under leiinga av fylkeskommunen når det gjeld utarbeiding av konkurransegrunnlag. Kommunen kan også, om ein ønskjer det, be om høve til forhandlingar med entreprenørar som har levert tilbod.

2.3. Rollar

Innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar si rolle er å ta initiativ, delta i diskusjonen og organiseringa av utbyggingsprosjekt i ulike delar av kommunen.

Volda kommune støttar bygdene i utarbeiding av søknad, prioriterer mellom utbyggingsprosjekt i kommunen, eventuelt løyver delfinansiering og sender søknadane inn til Fylkeskommunen i Møre og Romsdal. Kommunen kan velje ei aktiv eller passiv rolle.

Ei *passiv* rolle inneheld oppgåver som kommunen må gjere i samband med søknad om utbyggingsprosjekt. Ei passiv rolle inneber å støtte private aktørar (t.d. grendautval) i utarbeiding av søknad, utføre ei politisk prioritering av kva prosjekt som skal sendast til fylkeskommunen.

Ei *aktiv* rolle inneber at kommunen gjør oppgåver utover det som kommunen må gjere for å følgje opp ein søknad frå private aktørar. Kommune vil til dømes kunne ta initiativ til utbygging sjølv eller oppmode private aktørar om å ta initiativ til å søke, halde informasjonsmøte i samband med utlysing av midlar og sette av kommunale midlar til utbygging; både for planlegging og gjennomføring. I den aktive rolla er det også mulig for kommunen å vere koordinator mellom grendalag/grendautval i områda som søknader blir utforma for. Det kan til dømes vere å koordinere kartlegging av faktisk dekning i områda opp mot dekningskarta levert av NKOM.

Kommune har valt ei aktiv rolle for å auke sannsyn for tildeling av midlar gjennom den breibandsordninga. Dette for å få god breibandsdekning i heile Volda kommune.

2.2.1 Nasjonal støtteordning

Den nasjonale støtteordninga gjeld for private bustadar og verksemder. Det er spesielt områder med kapasitet under 10 Mbit/s som vert prioriterte. Områder som i dag har over 10mbit, men som vil falle under 10mbit når Telenor steng av koparnettet er også prioriterte.

Ein kan søke stønad for private bustadar og verksemder som har kapasitet under 30mbit/s.

Dei som har over 30mbit/s levert over Telenor sitt koparnettverk blir prioriterte på lik linje med dei som i dag har under 10mbit/s.

I områder der det er tilgjengelege alternativ til koparnettet som gjev ein hastigheit over 30mbit/s vil ein ikkje kunne søke om stønad, til dømes om nokon har valt å takke nei til tilbod om fiber i samband med ei kommersielle utbygging av ei bygd/byggefelt. Ein må då ta kontakt med tilbydar av fiber og kople seg på.

Det er fylkeskommunen som handsamar søknadar frå kommunane og kontrollerer at prosjektforslaga tilfredsstiller krav frå NKOM. Fylkeskommunen prioriterer forslaga i sitt fylke og sender inn innstilling til Nkom, som igjen kontrollerer at prosjektporteføljen tilfredsstiller dei overordna krava på fylkesnivå før pengane blir utbetalt.

I søknaden skal ein dokumentere dekning for dei einskilde bustadane, og verksemdene i områda.

Fylkeskommunen ber vidare om informasjon om:

- *Kommunen og innbyggjarane sin eigeninnsats i form av midlar og dugnadsarbeid*
- *Plan for sikring av framtidig berekraftig drift*
- *Betyding for lokal samfunnsutvikling, verdiskaping og aktivitet for innbyggjarar, næringsliv og besøkande*

1. Utløsning av nytt bredbåndstilbud i områder uten grunnleggende bredbåndstilbud («hvitt område»)

1.1. Utløsning av nytt bredbåndstilbud

Tabell 1.1	Bjørkedalen	Straumshamn			
Antall «hvite» husstander i dag	14	76			
Antall «hvite» husstander som får tilbud om bredbånd	14	76			
Dagens dekningsgrad for det aktuelle området	20,59	0			
Ny dekningsgrad for det aktuelle området	100	100			

Figur 3: Tabell som synar dekning og dekningsgrad i dei områder ein søker stønad til

Møre og Romsdal fylkeskommune legg følgjande prinsipp til grunn ved fordeling av støtte til breibandutbygging 2020:

- Område som i dag ikkje har tilbod om breiband med kapasitet på minst 30 Mbit/s, og det ikkje ligg føre planar om kommersiell utbygging vert prioritert.
- Område som mister breibandstilbodet som følgje av Telenor si nedlegging av koparnettet, og som ikkje får tilbod om kommersielle produkt til erstatning for dette, vert prioritert.
- Alle område som vert bygd ut må kunne oppnå minst 100 Mbit/s kapasitet for alle husstandar i området.
- Utbyggingsprosjekt, som i tillegg til å gje breiband, også kan forbetre mobildekninga i området, vert prioritert.
- Prosjekt med høg grad av lokal innsats vert prioritert. Dette kan vere
 - Prosjekt i kommunar som har ein tydeleg kommunal strategi for breibandsutbygging.
 - Prosjekt der kommunen/lokalsamfunnet bidreg utover minimumskravet på 25 prosent lokal medfinansiering.
 - Prosjekt der kommunen legg til rette for effektiv utbygging gjennom tilgang til offentlege framføringsvegar eller anna infrastruktur.
- f. Prosjekter der den offentlege støtta bidreg til å «fullføre» utbygging breiband i eit område vert prioritert.

Om det vert løyvd statlege ekstramidlar til breibandutbygging i løpet av 2020 skal dei nyttast etter desse prinsippa.

2.2.2 Regional støtteordning

Møre og Romsdal Fylkeskommune skal i mai 2020 handsame ein Breibandsstrategi for Møre og Romsdal. Om Fylkeskommunen kjem til å etablere ei regional støtteordning er ikkje kjent endå.

2.3 Prosessen knytt til breibandutbygging

Det tek om lag to til fire år frå kommunen startar arbeidet med å førebu søknad til utbygging er ferdig.

Overordna prosess:

- Volda kommune sender oversikt over kva områder som er aktuelle for utbygging med statleg støtte til Fylkeskommunen innan 15. mai.
- Fylkeskommunen inviterer alle kommunar og utbyggjarar til dialogkonferanse den 25. mai for å få oversikt over tilgjengeleg infrastruktur og avdekke kommersielle utbyggingsplanar.
- Fylkeskommunen er i tillegg til dialogkonferanse pålagt å leggje alle områder ein vil søkje om ut på høyring, slik alle utbyggjarar får same høve til å melde inn kommersielle planar. Høyringsfrist er ein månad og vil bli gjort i Juni. Om ein utbyggjar har planlagt utbygging i eit område innan dei kommande tre åra vil ikkje området vere kvalifisert før stønad, og kommunen kan då ikkje søke for det området.
- Når høyringsfrist er ute kan kommunen sende søknad om breibandsmidlar over til Fylkeskommunen, seinast 15. juli.
- Kultur-, næring-, og folkehelseutvalet vedtek fordeling 1. september.

For dei aktuelle prosjekta vil Volda kommune få rolla som prosjekteigar etter at fylkeskommunen har gjeve tilsegn og gjennomført konkurranse med tildeling av oppdrag til entreprenør. Volda kommune har likevel ansvar for gjennomføring av utbygginga opp mot valde entreprenør, og administrering av tildelte midlar inkludert rapportering til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Utbyggjar som vinn anbudet får eit tilskot for å byggje ut breiband i det utlyste området. Utbyggjar får eigedomsrett til nettet og ansvar for drift og tenesteleveransar i 10-20 år framover.

Under er ei grov skisse av utbyggingsprosjekt for breiband sett opp i mot den nasjonale støtteordninga.



Kjelde: 2 <https://it-forum.no/breiband>

Planleggingsfasen

I planleggingsfasen tek som oftast privat initiativtakar første steg på vegen mot breibandutbygging. På kommunen sine nettsider er det lagt ut informasjon slik alle som ønskjer å søke om stønad for si bygd/grend finn god og relevant informasjon om ordninga og kven ein kontakte i kommunen for å få bistand til å søke.

Kommunen føl opp private initiativ ved å gje oppdatert rettleiing om årets søknadsrunde og hjelper dei private initiativtakarar i arbeidet med å hente inn informasjonen som dei sjølv ikkje kan hente inn, til dømes kostnadsoverslag for utbygging av breiband med minimumskapasitet på 100mbit/s.

Når søknadane er fullstendige vert dei lagt fram til politisk handsaming for prioritering. Her vert retningslinjer for prioritering lagt til grunn for kommunedirektøren si tilråding. Ei eventuell kommunal delfinansiering må avklarast samtidig. Når politikarane har teke stilling til kva søknad som skal sendast inn må dette kunngjerast før søknaden vert sendt over til fylkeskommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune handsamar søknadane, før heile oversikta går vidare til NKOM for kvalitetssikring. Om NKOM ikkje finn avvik blir alt godkjent og fylkeskommunen vedtek tildeling av midlar.

Utbyggingsfasen

Når Fylkeskommunen har tildelt midlar kallar dei inn alle kommunar som har fått midlar til møte for utarbeiding av kravspesifikasjon til felles utlysing. Fylkeskommunen koordinerer utlysing av alle prosjekt, gjennomfører konkurransen og tildeler oppdrag. Utbyggaren som vinner anbudet får ansvar for utbygging, og den einskilde kommune har ansvar for å følgje opp Utbyggjar i utbyggingsfasen.

3. Drift og vedlikehald av kommunale nett

Det er normalt relativt lite feil i eit ekom nett bygd med fiber, av god kvalitet av kompetent entreprenør. Det er likevel slik at mykje er nedgrave og noko er luft basert. Graveskader og uvær førekjem. Vi må difor ha ein avtale om feilretting og mindre endringar/ombyggingar av det kommunalt eigde ekom nettet. Volda kommune har hatt slik avtale fram til i dag. Avtalen gjekk ut ved nyttår og ønskje om lenging ved bruk av opsjon er sendt til entreprenør. Vi ser også at noko av ekom-nettet bygd tidlegare, vart bygt på feil teknologi, og må bytast ut.

Å ha slik avtale om feilretting/drift er svært viktig, då kommunane normalt ikkje har slik kompetanse internt. Avtalen inneheld krav til rettetider, kva som skal inngå (typar av ekom nett), pris og krav om materiell/utstyr som skal nyttast i avtalen.

Ein føresetnad for rask og god feilretting er god dokumentasjon av det kommunale ekom-nettet. Dette er ikkje på plass i dag og bør etablerast så raskt som råd. Dette bør vere samla i felles kartunderlag som "eige lag" og vere oppdatert etter kvart som nettet endrar seg.

4. Mål for utbygging av breiband og ekom-nett i Volda kommune

Under er det gjort greie for Volda kommune sine mål for breibandutbygging, med tilhøyrande strategiar og tiltak. Prioritering av tiltak vert gjort i handlingsdelen, jf. kapittel 4.

Volda kommune har følgjande mål for å legge til rette for betre digital infrastruktur og bidra til breibandutbygging:

- Volda kommune skal bidra til gjennomføring av utbyggingsprosjekt + aktiv rolle
- Volda kommune skal legge til rette for kostnadseffektiv utbygging
- Volda kommune skal der ein finn det kostnadseffektivt, bygge eige ekom-nett til kommunale einingar

4.2. Volda kommune skal bidra til gjennomføring av utbyggingsprosjekt i NKOM ordning

Mål	Strategi	Tiltak
Volda kommune skal bidra til minst ein søknad til nasjonal støtteordning i året.	Opprette Breibandsforum Volda, der alle grendalag/grendautval er representert.	Etablere breibandsforum og stille med sekretariat.
	Sikre at alle aktuelle private initiativtakarar/aktørar får informasjon om søknadsrunden.	Etablere rutine for registrering av private initiativ for breibandutbygging i ei sak i arkivsystemet, for å ha oversikt over aktuelle private initiativtakarar/aktørar.
	Bidra til at private initiativtakarar/aktørar får grunnlag til å utarbeide søknadar av god kvalitet.	Etablere eit fast kontaktpunkt og breibandsteam i kommunen for rettleiing i søknadsprosessen.
		Legge ut informasjon om søknadsprosessen på nettsida til kommunen – med tidslinje for prosess og korleis ein kan gå fram for å søke.
	Sikre at Volda kommune prioriterer prosjekt på ein nøytral måte, med vekt på samfunnsnytte.	Utarbeide retningslinjer for prioritering av søknadar om breibandutbygging og eventuell kommunal løyving av midlar. Retningslinjene skal legge vekt på at søknaden svarer til: • kriterium i den nasjonale støtteordninga • prosjektet er initiert av private aktørar • utbygginga vil vere positiv innbyggjarar, og næringsliv • utbygginga vil vere positiv for samfunnstryggleik og beredskap • det kommunale tilskotet ikkje bør overstige 15 % av totalkostnad.
		Løye årlege midlar i økonomiplanen.

4.3. Volda kommune skal legge til rette for kostnadseffektiv utbygging

Mål	Strategi	Tiltak
Volda kommune skal legge til rette for kostnadseffektiv utbygging.	Bidra til betre infrastruktur med trekkerør gjennom kommunen si eiga verksemd.	Etablere rutine: Ved graving i tilknytning til kommunal infrastruktur skal det leggst trekkerør for fiber, så sant ikkje andre løysingar er meir formålstenlege. Det skal utarbeidast standardmal på legging av rør, storleik osv.. som både kommunen sjølv og eventuelt privat utbyggjar må følgje. Ved utbygging i tilknytning til kommunal infrastruktur skal føringane i Volda kommune sine til ei kvar tid gjeldande kommunaltekniske normer leggst til grunn. Ved revisjon av kommunal tekniske normer skal forholda rundt trekkerør utdjupast ytterlegare, t.d. plassering av trekkekummar på strategiske plassar og bruk av ulike trekkerør i samband med distribusjonsnett og aksessnett.
	Bidra til at private aktørar vurderer trekkerør og at kommunen også får høve til å gjere det dersom andre aktørar skal grave.	Etablere rutine for gravemelding der vurdering av trekkerør er tema. <i>Premiss for tiltaket:</i> I budsjettprosessen vil det bli avgjort kva mulighetsrom kommunen har til slike tiltak. Budsjettposten leggst under eige ekom-område.
	Sikre kunnskap om lokalisering av trekkerør og privat (ikkje kommersielt) aksessnett.	Etablere rutine med krav om innmåling av trekkerør både ved kommunen si eiga graving og ved graving av private aktørar. Etablere rutine for utarbeiding av reguleringsplan med krav om føresegn som sikrar informasjon om aksessnett frå distribusjonsnett til den enkelte bygning i samband med nye detaljreguleringsplanar
	Sikre at kommersielle aktørar innan breiband får høve til å nytte Volda kommune sin infrastruktur.	Volda kommune skal tilby utbyggjarane å leige Volda kommune sin eigen infrastruktur: • Utarbeide informasjon til breibandsleverandørar • Fastsetje prinsipp for pris. Volda kommune skal tilby utbyggjar bygging av ekom-nett i samsvar med ledningsforskriften.

4.4. Volda kommune skal, der ein finn det kostnadseffektivt, bygge ut eigen fiber til kommunale einingar

Kommunal tenesteproduksjon og tenesteleveranse er avhengig av breiband for å kunne stette lovkrav og levere tenester i samsvar med samfunnets forventingar.

Kommunen har difor behov for stabile linjer, både for å legge til rette for effektivt arbeid, og for å unngå driftsstans i tenesteproduksjon.

Mål	Strategi	Tiltak
Alle kommunale einingar skal ha ekom-nett som gjev tilstrekkeleg kapasitet for sikker og stabil drift.	Sikre at alle kommunale einingar har ekom-nett med tilstrekkeleg kapasitet for sikker og stabil drift	Etablere rutine for vurdering av skifte frå leigd ekom-nett til eigd kommunalt ekom-nett. Etablere rutine for samarbeid med andre t.d. grøftegraving for å dra ned utbyggingskostnad Vurdere swop avtaler der vi finn det hensiktsmessig. (T.d. byte av fiber meter mot meter)

4 Handlingsdel

Kommunen sin innsats på ulike område må tilpassast tilgang på kapasitet og ressursar. I handlingsdelen til temaplan for breiband er det difor gjort ei prioritering av tiltak. Alt etter prioritet vert tiltaka plassert under følgjande kategoriar: tiltak 2020, tiltak 2021-2023 og tiltak etter 2023 (ikkje prioritert).

Volda kommune skal ha ei aktiv rolle i samband med breibandsutbygging i kommunen.

Tiltak 2020	Tiltak 2021-2023	Tiltak etter 2023 (ikkje prioritert)	Kommentar	Ansvarleg/samarbeids part
Kartlegge og dokumentere eksisterande kommunalt ekom-nett				
Etablere breibandsforum og stille med sekretariat.				
	Etablere rutine for registrering av private initiativ for breibandutbygging i ei sak i arkivsystemet, for å ha oversikt over aktuelle private initiativtakarar/aktørar.			
Etablere eit fast kontaktpunkt og breibandteam for rettleiing i søknadsprosessen.				
Legge ut informasjon om søknadsprosessen på heimesidene – med årshjul for prosess og korleis private initiativtakarar/aktørar kan gå fram for å søke.				
	Utarbeide retningslinjer for prioritering av søknadar om breibandutbygging og eventuell kommunal løyving av midlar. Retningslinjene skal legge vekt på at søknaden svarer til kriterium i den nasjonale støtteordninga, at prosjektet er initiert av private aktørar, at utbygginga vil vere positiv for samfunnstryggleik og beredskap og at det kommunale tilskotet ikkje bør overstige 15 % av totalkostnad.			
	Løyve årlege midlar i økonomiplanen.			

	Etablere rutine: Ved graving i tilknytning til kommunal infrastruktur skal det leggst trekkerør for fiber, så sant ikkje andre løysingar er meir formålstenlege.			
	Etablere rutine: Ved graving i tilknytning til kommunal infrastruktur skal det leggst trekkerør for fiber, så sant ikkje andre løysingar er meir formålstenlege.			
	Ved utbygging i tilknytning til kommunal infrastruktur skal føringane i Volda kommune sine til ei kvar tid gjeldande kommunaltekniske normer leggst til grunn. Ved revisjon av kommunal tekniske normer skal forholda rundt trekkerør utdjupast ytterlegare, t.d. plassering av trekkekummar på strategiske plassar og bruk av ulike trekkerør i samband med distribusjonsnett og aksessnett.			
	Etablere rutine for gravemelding der vurdering av trekkerør er tema.			
	Etablere rutine med krav om innmåling av trekkerør både ved kommunen si eiga graving og ved graving av private aktørar.			
Etablere rutine for utarbeiding av reguleringsplan med krav om føresegn som sikrar informasjon om aksessnett frå distribusjonsnett til den enkelte bygning i samband med nye detaljreguleringsplanar.				
	Volda kommune skal tilby utbyggerane å leige Volda kommune sin eigen infrastruktur – informasjon til breibandsleverandørar.			

Volda kommune skal tilby utbyggerane «trenching» av trekkerør i tilknytning til Volda kommune sin eigen infrastruktur der dette kan vere hensiktsmessig, t.d. før det vert lagt ny asfalt – informasjon til breibandsleverandørar.				
--	--	--	--	--